Fyresdal kommune

Arkiv:
Saksmappe: 2026/1265-1
Saksbeh.: Ulf Pedersen
Dato: 17.11.2026

Saksframlegg

Politisk organisering i kommande kommunestyreperiode - 2027 - 2031

Utval	Utvalssak	Møtedato
Kommunestyret		

Endeleg vedtaksrett i saka har: Kommunestyret

Dokument i saka:

Bakgrunn for saka:

Kommunelova § 5.5 gjev minimumskrav til talet på kommunestyrerepresentantar i kommunar ut ifrå innbyggartalet i kommunen. Ut ifrå lova skal kommunestyret i Fyresdal kommune ha minimum 11 representantar.

Dersom kommunestyret vil endre talet på kommunestyre representantar enn minimum i lova, må kommunestyret sjølv fatte vedtak om dette innan utgangen av desember nest siste år av valperioden. Eventuelle endringar gjeld frå neste valperiode.

Kommunelova § 5.6 gjev eit minimumskrav på representantar i formannskapet. Formannskapet skal ha minimum 5 representantar.

Kommunelova § 5.7 gjev kommunestyret mynde til å opprette utval for deler av den kommunale verksemda.

Kommunelova § 5.12 krev at kommunestyret skal opprette eldreråd, råd for personar med funksjonsnedsetting og ungdomsråd. Fyresdal har i denne valperioden eit felles råd for eldre og personar med funksjonsnedsetting (REMNF) og eit ungdomsråd. Begge råda har 5 representantar.

Kommunelova § 23.1 krev at kommunestyret oppnemner et kontrollutval. I Fyresdal består dette utvalet av 5 representantar.

Ei arbeidsgruppe bestående av ordførar og gruppeleiarar for Arbeiderpartiet og Senterpartiet har hatt ein gjennomgang av eksisterande politiske organisering, for å vurdere den politiske organiseringa for kommande valperiode. Kommunedirektør og kommunalsjef for stab og økonomi deltok i arbeidsgruppas arbeid.

Vurdering:

Arbeidsgruppa har kome fram til at ein i hovudsak ynskjer å oppretthalde dagens politiske organisering med 17 representantar i kommunestyret og 5 representantar i formannskapet.

Formannskapet har i dag fleire funksjonar etter gjeldande delegasjonsreglement. Det gjeld følgjande:

- Formannskapet er styre for næringsfondet.
- Formannskapet er arbeidsgjevar sine representantar i administrasjonsutval.
- Formannskapet er arbeidsgjevarutval for kommunedirektøren.
- Formannskapet er valnemnd.
- Formannskapet er kommunal klagenemnd.

Disse funksjonane ynskjer arbeidsgruppa at skal oppretthaldast.

Når det gjeld utvalsstruktur har arbeidsgruppa hatt ei drøfting kor ein har sett på tal på saker i dei to utvala ein i dag har. Hovudutval for plan og miljø (PM) har mange saker til handsaming og med den utviklinga som Fyresdals samfunnet står framfor er det rett å oppretthalde dette utvalet i kommande periode med 5 representantar.

Hovudutval for omsorg, kultur og oppvekst (OKO) har i fleire år hatt få saker til handsaming, og det har vore stor grad av forfall til møte slik at utvalet har blitt avlyst eller gjennomført med færre representantar enn 5 og stor grad av vararepresentantar. Arbeidsgruppa vil derfor føreslå at ein legg ned dette hovudutvalet i neste valperiode. Saker som i dag går til OKO fordelast til formannskapet og hovudutval for plan og miljø.

Kontrollutvalet oppretthaldast på dagens nivå med 5 medlemmar.

Arbeidsgruppa ynskjer å oppretthalde eit felles råd for eldre og personar med funksjonsnedsetting med 5 representantar, og ungdomsråd med 5 representantar i kommande valperiode.

Konklusjon:

‘Oppsummera ynskjer arbeidsgruppa å fremja forslag om politisk organisering i kommande valperiode i tabellen nedanfor:

Styre/utval/råd	**Tal på representantar**	**Merknad**
Kommunestyret	17	
Formannskapet	5	Styre for næringsfondet Administrasjonsutval Arbeidsgjevarutval for kommunedirektør Valnemd Kommunal klagenemd
Hovudutval for plan og miljø	5	
Kontrollutval	5	
Råd for eldre og personar med funksjonsnedsettingar	5	
Ungdomsråd	5	

Innstilling frå ordføraren:

For kommunestyreperioden 2027 – 2031 gjeld følgande politiske organisering:

Styre/utval/råd	**Tal på representantar**	**Merknad**
Kommunestyret	17	
Formannskapet	5	Styre for næringsfondet Administrasjonsutval Arbeidsgjevarutval for kommunedirektør Valnemd Kommunal klagenemd
Hovudutval for plan og miljø	5	
Kontrollutval	5	
Råd for eldre og personar med funksjonsnedsettingar	5	
Ungdomsråd	5	

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Ulf Pedersen
	kommunedirektør